



## Referat

### Underutval for pleie- og omsorg Voss lokalsjukehusområde

<b>Dato og tidspunkt:</b>	13.12.2022, 11:00-12:30
<b>Møtestad:</b>	Voss sjukehus, Møterom bygg 1, 1.etg.
<b>Møteleiar:</b>	Gunn Iren Engvold
<b>Til stade:</b>	Siw Marlene Bolstad(Ulvik kommune), Tove Iren Vedå(Voss Herad), Margunn Lægreid(Eidfjord kommune), Elfrid Romsås Oma, deltok på teams(Kvam kommune)Gunn Iren Engvold(Voss sjukehus), Ranveig Knapstad(Voss sjukehus) og Sissel-Marie Finne(Voss sjukehus)
<b>Fråfall utan vara:</b>	Sigrunn Stamnes Vik (Vaksdal kommune)
<b>Referent:</b>	Sissel-Marie Finne

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Sakstype</b> (Vedtak Drøfting Orientering)	<b>Vedlegg</b>
17/22	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>  <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg Voss lokalsjukehusområde godkjenner innkalling og saksliste med innmeldte saker.</i>	V	
18/16	<b>Godkjenning av referat frå møte i underutvalet den 13.09.2022</b>  <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg Voss lokalsjukehusområde godkjenner referatet frå møte 13.09.2022.</i>	V	
19/22	<b>Samarbeid og samhandling</b> <ul style="list-style-type: none"><li><b>Gjensidig hospitering</b></li></ul> Ranveig og Sissel-Marie sender ut plakatar ang. hospitering til dei andre gruppemedlemmene for gjennomsyn. <ul style="list-style-type: none"><li><b>Inn- og utskriving av pasientar</b></li></ul> Ranveig Knapstad er medlem av ei prosjektgruppe som arbeidar med «Trygge overgangar ved inn og utskriving». Denne gruppa har representantar frå ulike klinikkar. Det er utarbeida ein prosjektplan og		

	<p>delmål for tida framover. Ein del av prosjektet er deltaking i læringsnettverket«gode pasientforløp» i regi av KS og FHI.</p> <p>Ein planlegg formell opplæring i praktisk bruk av PLO meldingar for alle som bruker PLO i sjukehus. I forbindelse med dette er gruppa ute etter ein representant frå kommunen som kan bidra inn på tre undervisningsdagar(ca midten av mars). Denne personen må ha fokus på god samhandling og kva som er viktig for kommunen i samhandling med sjukehus. Kommunane tek dette med seg vidare og ser om dei finn aktuelle kandidatar. Dette kan meldast tilbake Ranveig Herheim før nyttår.</p> <p>Ein planlegg eit seminar for personell i kommunen til hausten.</p> <p><b>Anna:</b></p> <p><b>Voss:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• God kommunikasjon mellom kommune og sjukehus.</li> <li>• Opplever ofte feil i medikamentlistene. Obs at ikkje gamle medikamentlista blir tatt opp ved innkomst i sjukehus, men at ein nyttar den som ligg ved og som er sist oppdatert.</li> <li>• Obs at ikkje sjukehuspersonell kan love vekk institusjonsplassar. Dette er opp til kommunen å vurdere.</li> </ul> <p><b>Eidfjord:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplever ofte feil i medikamentlistene. Sjukehuspersonell må ikkje love vekk institusjonsplassar.</li> </ul> <p><b>Ulvik:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje noko nytt å melde.</li> </ul> <p><b>Kvam:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje noko nytt å melde.</li> </ul> <p><b>Sjukehuset:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fleire tilfeller kor Voss sjukeheim ringer og ynskjer hjelp av personell til t.d. medikamentrekning og veneport. Sjukehuset har i utgangspunktet ikkje kapasitet til å hjelpe dei med desse oppgåvene.</li> </ul>		
--	--	--	--

- **Aktuelle driftsendringar:**

**Ulvik:**

Endring i struktur i kommunen. Det har no kome inn ein ass.kommunalsjef for avdeling omsorg. Denne modellen skal evaluerast om eit års tid.

**Voss:**

Har saman med Kvam tilsett ein ernæringsfysiolog i prosjektstilling som arbeidar med nasjonale føringar kring ernæring. Det er utarbeida eit skjema kring ernæring for alle pasientar som har hjelp av heimetenesta. Dette skjema skal leggest ved når pasientar blir lagt inn på sjukehus. Denne implementeringa blir det jobba med både på Voss og i Kvam.

Eidfjord jobber og med dette, men har ikkje ein slik prosjektstilling.

Ernæringsfysiologen i Ulvik er i permisjon og det er uvisst om nokon vil ta over arbeidet med dette prosjektet.

Dersom det er ynskjeleg kan Tove Iren Vedå høyre om ernæringsfysiologen som er tilsett har moglegheit til å fortelje om prosjektet på neste møte i underutvalet for pleie og omsorg.

Voss Herad har tilsett barnekoordinator i 100 % stilling som er delt 50/50 mellom oppvekst og helse.

**Eidfjord:**

Ikkje noko nytt driftsmessig.

**Kvam:**

Strandebarm omsorg er eit nybygg som skal ersatta Strandebarmheimen. Innflytting i slutten av mars. Skal flytte inn 26 personar i denne omsorgsbustaden. 13 langtids plassar blir gjort om til omsorgsbustadar, men dei som har langtids plass på flyttedato skal fortsatt ha dette ei tid framover.

Helse og omsorgsskjef sluttar i februar. Tilsett ny.

Generasjonsskifte i kommunen. Mange nye leiarar. Mangel på sjukepleiarar. Må tenkje nytt. Sjukepleiarteam? Oppgåveglidning.

**Sjukehuset:**

Har fått ny CT maskin på plass, vore noko nedetid i samband med innkøyring. Men vonar dette betrar seg på sikt.

	<p>Driftsutfordringar på labratoriet. Vanskeleg å rekruttere bioingenør, blodtappinga (Blodbank) er blitt midlertidig flytta til Bergen og gjeld i fyrste omgang ut året, i tillegg til at blodprøvar tekne i primærhelsetenesta vert sendt til HUS for analyse.</p> <p>Fødeavd.: Kome eit budsjetttilpassningsforslag om at ein skal sjå på evt. stenging av fødeavd. sommaren 2023. Her er det sett ned ei arb.gruppe som jobbar med denne saka.</p> <p>Store budsjettutfordringar i Helse Bergen.</p> <p>Rekruttering er også utfordrande for sjukehuset.</p> <p>Fortsatt inne i ein omorganiseringsprosess. Går frå hierarkisk til flat struktur.</p> <p>Pga budsjettutfordringar har byggestart av nye voss blitt utsett til 2028.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Informasjon om ny samhandlingsstruktur i Voss lokalsjukehusområde</b></li> </ul> <p>Underutvala består inntil evt. anna beskjed vert gjeve. Viktig med meir aktiv involvering frå alle medlemma i underutval for pleie og omsorg, særleg med innspel til saker. Gruppa tykkjer at møta er nyttige, og ynskjer å halde fram.</p>		
20/22	<p><b>Hjerneslagforløpet ved Voss sjukehus</b></p> <p>Det er laga eit forslag som no er ute på høyring.</p> <p>Kommentar frå kommunen: Få inn «melding om innlagt pasient»frå intensiv/ eller sengepost. Gunn Iren melder dette tilbake til forløpsgruppa.</p>	D	
21/22	<p><b>Framtidig leing av Underutval for pleie og omsorg</b></p> <p>Voss sjukehus har hatt denne leiarfunksjonen i mange år. Før Voss sjukehus var det Kvam kommune som leia utvalet og Voss kommune før det igjen. Det er no ynskjeleg at nokon andre skal ta over denne funksjonen.</p> <p>Gunn Iren har forsøkt å finne ut av om det fins eit mandat for denne gruppa, men har ikkje funne noko. Dette bør ein prøve å få på plass.</p> <p>Gunn Iren sender spørsmål til Vaksdal og høyrer om representant frå dei kan leie underutvalet i 2023. Forslag om at ny leiar for utvalget sitt i 1. år i fyrste omgang, og at det rullerer. Semje om at fire møter i året er</p>	D/O	

	fint. Ein kan legge opp til to digitale og to fysiske møter ila året. Forslag om digitale møter i mars og september.		
--	--	--	--

Tidspunkt for neste møte i underutval for pleie og omsorg vert digitalt 21.03.2023 kl. 10:00-11:00.